



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
v/Knut Djuve
Pb 7900
5020 Bergen

Knut Djuve

| | | | | |
|--------------------|--------------------------------|----------------|------------------|------------|
| Behandlende enhet: | Saksbehandler/telefon: | Vår referanse: | Deres referanse: | Vår dato: |
| Region vest | Kaisa Tonheim Banne /Lars Øyre | 16/34180-14 | | 07.03.2017 |
| | 55516273 | | | |

Stenging av rv. 13 Dealdo – Rassikringsprosjekt

Statens vegvesen viser til oversendingsforslag frå Fylkesutvalet der Benthe Bondhus (Sp) stilte slike spørsmål: «Stenging av Rv 13 – Dealdo, rassikringsprosjekt. Deler bekymringa til befolkninga og lokalt næringsliv når vegen på ny skal stengjast i 5 veker.

- Tryggleik
- Avgjersle for stenging (kven, og kor høgt oppe i systemet?)
- Ekstrakostnad – utover anbod på 113,8 mill.
- Ni anbod inn, billigaste 113,8 mill. – høgste 195 mill. Konkurransevriding?»

Tryggleik er hovudgrunnen til at vi no må stenge rv.13 forbi Dealdo. For Statens vegvesen kjem tryggleiken for dei som arbeider på anlegget og for dei som skal køyra forbi anlegget i første rekke. Etter grundige vurderingar, både frå byggherre og entreprenør, har ein kome fram til at deler av dei arbeida som skal utførast i fjellskjerdingane langs rv.13, ikkje kan utførast med trafikk forbi. Desse vurderingane er gjort i samråd med geologar og personell med høg kompetanse på sprengingsarbeider.

Eit kvart prosjekt er sjølv ansvarleg for at drifta blir gjennomført på best muleg måte for å sikre både eigne arbeidarar og trafikantane. Ei muleg stenging blir nøyne vurdert både om vi må stenge veg for all trafikk, samt utstrekning i tid av ei slik stenging når det er aktuelt. Grunnlaget for avgjerala vil vera forankra i dei vurderingar og råd byggherren får både frå faginstansar og utførande entreprenør. Prosjektet har og god dialog med avdelinga i slike avgjersle.

Sjølve stenginga medfører ekstrakostander med å opprette båtrute forbi anleggsområdet og utvida ferjekapasitet. I alle prosjekt har vi lagt inn ein mindre post til uføresette kostnader, og i utgangspunktet blir dette ein del av det.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Sjølv om entreprenør har vore med i vurderingane om å stenge vegen, er dette ei avgjerd som er teken av Statens vegvesen. Avgjerda vart teken med bakgrunnen i HMS og har ingen samanheng med anbodsprisane. I anbodet la vi inn føring for stengingsomfang, der kortare tidsperiodar på dagen var hovudføringa. Likevel har vi med ein føresetnad at lenger stenging og kan vera aktuelt etter særskilde vurderingar, og etter godkjenning av byggherren. Slik vi ser det er dette uavhengig av kva entreprenør som fekk jobben, og vil derfor ikkje være konkurransevidande.

Med hilsen

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Kaisa Tonheim Banne
Seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.